

Saksprotokoll i fylkestinget - 13.10.2015

Kristian Helland hadde sendt slike spørsmål til fylkesordføraren:

"Ad fylkesordføraren sitt svar på spørsmål framsett i fylkestinget i junimøtet i år. Tema for spørsmålet var aukande trafikk på E39 Bergen-Nordhordland-moglege strakstiltak.

Eg ynskjer å stilla to oppfølgingsspørsmål til fylkesordføraren:

1. Første spørsmål gjeld infrastruktur for buss og forlenging av kollektivfelt i retning frå Åsane og fram mot Breisteinkrysset: er det noko tidsramme for dette tiltaket, eller er det bare ein god ide som er spelt inn i arbeidet med ny NTP?
2. Andre spørsmål gjeld same problematikk, men i retning frå Hylkje mot Breisteinkrysset: er det noko tidsramme for dette tiltaket, eller er det bare ein god ide som er spelt inn i arbeidet med ny NTP?"

Fylkesordføraren svarte slik:

"I notatet som det vert synt til er det lagt fram ei rekke forslag til tiltak for å betra tilhøva for kollektivtrafikken i Åsane. Gjennomføring av tiltaka på fylkesvegane vil ein koma attende til under dei årlege rulleringane av plan og byggjeprogramma i Bergensprogrammet. E39 er riksveg og det er såleis Staten som har ansvar for å gjennomføra dei tiltaka som er nemnde i spørsmålet.

Tiltak 2 med retning Hylkje-Breisteinskrysset føreligg det ikkje konkrete planar om å realisera. Tiltak 1 i retning Breisteinskrysset frå sør er under prosjektering, og vil bli realisert i løpet av rimeleg tid."